



ARDANGERBRUA
w.hardangerbru.no



Årsmelding 2016

Hardangerbrua As vart stifta 8.januar 1987 av kommunane: Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik, Voss.

Selskapet sin føremålsparagraf:

«Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering av Hardangerbrua og tilførselsveggar i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»

Hardangerbrua As vil bidra til:

- levande bygder i Indre Hardanger
- binde Hardanger saman
- betre tilhøva for trafikken aust-vest og nord-sør
- styrke banda mellom Bergen og Hardanger

Årsmøte

Ordinær generalforsamling vart halde i Løo i Granvin, den 22. juni 2016

Handsama vanlege årsmøtesaker som godkjenning av årsmelding og rekneskap, samt val av nytt styre.

Styremøter

Styret har hatt 5 ordinære møte, og handsama 40 saker i løpet av året.

Etter at vegvesenet har lagt opp til kvartalsvis nøkkeltalsrapport, har styret også gått over til styremøte og økonomirapportering kvartalsvis.

Møta vert heldne på Løo i Granvin, som er eit rimeleg alternativ og høveleg stad med omsyn til reiseavtandar for styremedlemene.

Johnny Håvik har etter at han vart valgt inn i styret flytta til Oslo og hatt vanskar med å møta. Difor har hans varamedlem Øyvind Hardeland møtt på alle styremøte i året.